

Særdeles velfortent heider!

11.03.2017



[Ingvild Tjønn Hansen\(t.v.\) fekk æra av å overrekka nål og diplom til dei tre heidersdamene.](#)

Uskedal helselag er ein svært oppegåande 100 åring, og såleis inviterte dei til ein flott og innhaldsrik jubileumsfest i Helgheim i ettermiddag. Det største høgdepunktet på festen var då dei tre trufaste og flinke medlemmene Selma Eik, Margit Eik og Hilda Guddal vart heidra for den store innsatsen dei har lagt ned i helselagsarbeidet gjennom mange år.



[Dei tre heidersdamene Hilda Guddal\(f.v.\), Margit Eik og Selma Eik før tildelinga.](#)

Dette er 'tre gode poteter' innleia Ingvild Tjønn Hansen ved nasjonalforeningen sitt fylkeskontor for Hordaland og Sogn og Fjordane med i talen sin då Margit Eik, Hilda Guddal og Selma Eik vart tildelt Nasjonalforeningen for folkehelsen sitt høghengande heidersteikn nål og diplom. Det tre kan til sammen sjå tilbake på til sammen 102 år i

tillitsverv etter at dei kom inn i helselagsarbeidet på 1970-talet. Dei har hatt alle mogelege verv frå leiar, kasserar og skrivar til helsereisegeneral og tubfrimgeneral.

Talen til Ingvild Tjønn Hansen fortalte at ho hadde god kjennskap til arbeidet dei tre damene hadde lagt ned gjennom alle åra ho hadde hatt eit nært og godt samarbeid med dei.

Ho sa vidare at det var lett for fylkesstyre å støtta dei tre fyldige søknadene, og skrivar Eli Roseth Eik i Uskedal helselag kvitterte etterpå med å sei at det var veldig greitt å skriva søknadene. Det var ingen problem med å fylla dei med innhald. Dei tre vart også overrekt blomar frå Uskedal helselag.

For festlyden var utmerkinga av deti tre heidersdamene det absolutte høgdepunktet på festen.

Uskedalen.no kjem med meir frå den flotte festen i morgen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland